



Referat

Områdeutval for Voss lokalsjukehusområde

Dato og tid:	11. mai 2026 kl. 0915 – 1200
Møtestad:	Møterom Timaglasat, Voss sjukehus
Møteleiar:	Torstein Hellesnes
Til stades:	Torstein Hellesnes (Ulvik herad) Birger Lærum (Voss sjukehus). Terje Langeland (Kvam herad) Karin Flatabø Thrane (Eidfjord kommune) Kjersti Nordanger (Voss herad) Solrun Hauglum (Vaksdal kommune) Grete Lill Hjartnes (Helse Bergen) Randi-Luise Møgster (Helse Bergen) Anne-Jorunn Langeland vara for Maria Vollsæter (Helse Bergen) Vegard Kolve (Bjørkeli DPS) Lene Nilsen (brukarrepresentant føretak) Brita Træbakken (brukarrepresentant kommune) Eldfrid Nerland Haukenes (fastlege) Eystein Hauge (kommuneoverlege) Britt Heidi Tefre (Unio) Reidun Braut Kjosås (SSE kommunerepresentant) Trude Hjortland (SSE føretaksrepresentant)
Fråfall:	Maria Vollsæter (Helse Bergen) Line Lie (Fagforbundet)
Referent:	SSE

Nr.	Saksliste	Saks-type (Vedtak Drøfting Orientering)
16/26	Godkjenning av innkalling og saksliste Det var ingen merknader til innkalling og saksliste Vedtak: Innkalling og saksliste godkjent	V
17/26	Godkjenning av referat frå møte 29.januar 2026 Det var ingen merknader til referatet	V

	Vedtak: Referatet frå møte 1, 29.januar vart godkjent	
18/26	Felles driftsbudsjett for helsefellesskapet i bergensområdet og endringar for OU Voss SSE orienterte om saka. Kostnader knytt til drift av områdeutvalet, som honorar til brukar- og fastlegerepresentantar og bevertning i møter, skal frå 2026 bli dekkja av den enkelte part (sjukehus, kommune). Ved årets slutt vil det bli gjennomført ei avrekning, der aktørar enten blir fakturert for underforbruk eller får refundert overskytande kostnader, i tråd med vedteke fordelingsnøkkel. Eit felles driftsbudsjett for helsefellesskapet dekkjer ikkje drift av underutvala eller finansiering av lokale samhandlingsprosjekt. Det eksisterande budsjettet for OU Voss (vedteke i møte 29.januar 2026, sak 12/26) vert føreslått vidareført. Dette for å dekkja kostnader knytt til underutvala og eventuelle lokale utviklings- og samarbeidsprosjekt. Vedtak OU Voss støttar forslag til tilråding frå saksinnmeldar om praktisk gjennomføring av felles driftsbudsjett for helsefellesskapet i bergensområde og driftsbudsjett for områdeutvalet i Voss lokalsjukehusområde.	D/V
19/26	Referat frå underutvala Referat frå underutvala sine møter (møtedato i parentes). Kommenterar/merknader frå områdeutvalet står i underpunktta - Rus og psykisk helse (26.02.2026) - o Referatet manglar overskrift. OU ber om at framtidige referat inkluderer «underutval for rus og psykisk helse» i overskrifta - Rehabilitering (20.02.26) - Barn og unge (05.03.26) - Pleie og omsorg (21.04.26) - o Sak 16/26. Helse Bergen kjenner seg ikkje igjen i avsnittet om avtale 3 og 5. Viktig at dette vert teke opp i dialog med arbeidsgruppa for revisjon av avtale 3 og 5. - o OU ønskjer at referat frå møta vert korta ned. - o I sak 14/26 står det «Konferanseanmodning» – reknar med dette skal vera konferansemoglegheit - UFAB (03.03.26)	O
20/26	Status for arbeidet med Prosjekt X Birger Lærum, leiar for styringsgruppa og prosjektleiar Gunn Iren Engvold orienterte. Sjø vedlagt presentasjon. Det er jobba med å utvikla brukarreiser for dei to hovudmålgruppene i prosjekt X (skrøpelege eldre og kvinner i føde/barsel). Det er fleire like barrierar for desse to målgruppene. Barrierane er juridiske, økonomiske og knytt til organisering.	

	Ikkje alle dei 14 Prosjekt X i landet får vera med over i fase 2. Kven som får vera med vidare vert avgjort i løpet av hausten. Planen for vårt prosjekt X er at me får lov å halda fram og at me kan gå over i ein utprøvningsfase i løpet av hausten 2026. Konklusjon: OU Voss takkar for svært god prosjektleiing og tek gjennomgangen til vitande	
21/26	Samlokalisering av Medisinsk sengepost og Kirurgisk/ortopedisk sengepost sommaren 2026 Birger Lærum og Gunn Iren Engvold orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon). Samlokalisering av dei to sengepostane gjer ingen endring i tal senger eller tal årsverk. Skjerming/isolasjon av pasientar kan bli meir krevjande, men det er laga planar for dette. Målet er å få til meir samarbeid på tvers. Gevinsten med samanslåing er knytt til støttefunksjonar. <i>Innspel i møtet:</i> - Kommunane er sendt på om dette vil føra til meir press på utskrivingsklare pasientar. - Ved overbelegg er det etablert ein avtale med Scandic Voss, som då kan fungera som eit pasienthotell. - Det kan bli behov for eit par orienteringsmøte/driftsmøte med kommunane i løpet av sommaren. Voss sjukehus tek initiativ til desse møta. - Det vart bedt om at sjukehuset gjer ei vurdering knytt til auka bruk av dobbeltrom og følgeleg auka fare for brot på teieplikta. Konklusjon: OU Voss tek gjennomgangen til orientering	O/D
22/26	Moglegheit for sjukehuset til innlegging i KAD/ØHD Birger Lærum Gunn Iren Engvold orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon) Voss sjukehus la fram forslag om å opna for at sjukehuslege kan tilvise pasientar til ØHD, sjølv om pasienten har vore innlagt på sengepost først, og inntil 24 timar etter innkomst i sjukehuset. Føremålet er å sikra meir fleksible og heilskaplege pasientforløp, betre ressursutnytting og rett behandling på rett nivå. <i>Innspel som kom fram i møtet:</i> - Sjukehus understreka at saka primært handlar om å få ei retning på vidare dialog kring ØHD-ordninga, og ikkje å fastsetje endeleg løysing no. Sjukehuset ønskjer eit vedtak som kan gje ei tilråding om vidare arbeid og utvikling av ordninga. - Kommunane uttrykte at dei har vore, og framleis er, avventande til korleis ei slik løysing vil fungere i praksis. Dei ønskjer per no å venta med å ta i bruk ei slik ordning. Dei viste mellom anna til behov for erfaringar frå pågåande prosjekt X før ein eventuelt går vidare. - Det vart understreka at det er viktig å klargjera skilnaden mellom prosjekt X og ØHD, og at ØHD kan bli ei sidegrein av prosjekt X, noko som vil krevja tid å utvikla. - Sjukehus er uroa over å venta for lenge med å prøva ut tiltak.	D/V

	- Kommunane signaliserte vilje til å delta i vidare dialog og utviklingsarbeid, men ga førebels ikkje si tilslutning til forslaget. - Brukarrepresentanten tilrådde å teste ut ordninga i praksis, med moglegheit for justering undervegs - Fastlege peika på at betre avklaringar i sjukehuset ofte ville vore nyttig - Det vart òg peika på logistikk utfordringar ved akuttmottaket på sjukehuset: - o Avgrensa kapasitet gjer det vanskeleg å få vurdert alle pasientar innanfor dagens tidsramme på 4 timar. - o Pasientar som kan vere aktuelle for ØHD vert ofte ikkje prioritert som akutte nok, og kan bli liggjande lengre enn 4 timar eller flytta til sengepost. - o Når pasienten vert flytta til sengepost, vert vedkomande definert som innlagt, noko som påverkar vidare handtering og moglegheit for ØHD. Vedtak Voss sjukehus og kommunane i lokalsjukehusområdet vil følgja opp saka i eit eige møte, og der sjå på moglegheitene for at Voss sjukehus kan få moglegheit til å leggja inn i ØHD. Kommunane kallar inn til møtet.	
23/26	Orientering frå møte i Strategisk samarbeidsutval (SSU) 11. mars 2026 Solrun Hauglum orienterte frå SSU møtet. Fleire av sakene frå SSU møtet er oppfølgingssaker i denne OU-runden. SSe gjekk gjennom status for handlingsplanen. Oppdatert handlingsplan ligg på saman.no. Det vert minna om at følgjande avtalar er sendt til partane for signering: - særavtale om høyna beredskap ved kriser og krig (tenesteavtale 11) - særavtale om LIS1 rekruttering (tenesteavtale 7) Konklusjon: OU Voss tek gjennomgangen av referat og handlingsplanen til orientering	O/D
24/26	Etablering av fagleg samarbeidsutval (FSU) for personar med fleire kroniske lidningar SSe innleia kort omkring etablering av faglege samarbeidsutval (FSU). Innleiinga til sak 24/26 og 25/26 vart slått saman. Vedtak Partane i OU Voss melder inn representantar til FSU for personar med fleire kroniske lidningar innan 19. juni 2026.	
25/26	Etablering av fagleg samarbeidsutval (FSU) for kvinner i svangerskap, fødsel og barseltid Vedtak Partane i OU Voss melder inn representantar til FSU for kvinner i svangerskap, fødsel og barseltid til SSE innan 15. september 2026.	V
26/26	Revisjon av avtale 9- samarbeid om IKT-løysingar - Representantar til arbeidsgruppe SSe hadde ei felles innleiing for sak 26/26, 27/26 og 28/26	V

	Vedtak Partane i OU Voss melder inn representantar til arbeidsgruppa for revisjon av avtale 9 om samarbeid om IKT-løysingar, til SSE innan 22. mai.	
27/26	Etablering av ny særavtale om den akuttmedisinske kjede – representantar til arbeidsgruppe Vedtak Partane i OU Voss melder inn representantar til arbeidsgruppa for ny særavtale om den akuttmedisinske kjeda, til SSE innan 22. mai.	V
28/26	Etablering av særavtale om legemiddelberedskap – representantar til arbeidsgruppe Vedtak Partane i OU Voss melder inn representantar til arbeidsgruppa for etablering av særavtale om legemiddelberedskap, til SSE innan 22.mai.	V
29/26	Evaluering av helsefellesskapet - orientering om prosess Sse orienterte om saka. <i>Innspel som kom fram i møtet:</i> - KS har nyleg gjennomført ei nasjonal kartlegging av helsefellesskapa. Denne kartlegginga bør også takast med i vidare arbeid med evalueringa i vårt helsefellesskapsområde. - Det vert stilt spørsmål ved om kartlegginga skal vera anonym eller open. Konklusjon: OU Voss tek saka til orientering.	O/D
30/26	eBehandling som behandlingstilbod i spesialisthelsetenesta Gunn Elise Sætre, Seksjonsleiar eBehandling ved Bjørgvin DPS orienterer om saka (sjå vedlagt presentasjon) Det kom spørsmål om korleis fastlegen kan tilviser til desse tilboda. Fastlegar tilvisar til: BALL-HBE Bjørgvin og merkar tilvisinga med eBehandling (merkantil vil deretter overføra tilvisinga til seksjon for eBehandling). Her er også lenke til Helse Bergen si nettside om eBehandling Konklusjon: OU Voss takkar for fin presentasjon og tek gjennomgangen til orientering	O/D
31/26	Revisjon av Helse Bergen sin utviklingsplan Ingvild Sunde frå Helse Bergen orienterte om saka (sjå vedlegg) Det kom innspel i møtet om at KI som utfordring bør takast med i arbeidet. Utvikling knytt mellom anna til bruk av KI er ein av hovudårsakene til at ein har revisjon av utviklingsplanen kvart 4-år.	O

	Konklusjon: OU Voss takkar for orienteringa	
32/26	Delprosjekt FACT- Psykisk helsevern for framtida Randi-Luise Møgster orienterte om saka. Presentasjonen som vart nytt i gjennomgangen av saka vart sendt ut saman med sakslista. Konklusjon: OU Voss takkar for orienteringa	O
33/26	Orientering frå representantane Kort informasjon frå partane (ca. 2 min) om saker som kan vera av betydning for samhandlinga i regionen (til dømes etablering av nye tilbod, eller utfordringar knytt til økonomi og/eller bemanning). Helse Bergen - Sjå eige saksgrunnlag (sendt ut saman med sakslista) - Kort merknad til «Pasientensprøvesvar» som var oppe i førre OU møte. Pasientensprøvesvar har denne veka hatt ein liten stopp. Fyrste gong ein får prøvesvara vil ein få eit spørsmål om du vil halda fram med å få dette (ved seinare prøvesvar). Brakarrepresentant (føretaket): brukarutvalet er uroa for at dei økonomiske utfordringane helsetenesta står ovanfor vil gå utover pasienttryggleiken. FFO Vestland jobbar aktiv opp mot Stortinget med denne problemstillinga. Bjørkeli: Det har vore gjennomført oppussing og oppgradering av døgnavdelinga. «Prosjekt trening» der treningsbehandling skal bli en del av DPS tilbodet er under utvikling. Ein plan for implementering vil vera klar i løpet av hausten, med oppstart i 2027. Eit samarbeid med frisklivssentralen på Voss kan bli aktuelt. Voss herad: PWC rapport er kome. Rapporten inneheld konkrete forslag til endringar og nedtrekk på drifta med om lag 100 mill. Det blir jobba med tiltak som er presentert i rapporten og det er planlagt ny sak i heradsstyret i juni. . Vaksdal: - Innsparing pregar kvardagen - Voss og Vaksdal er med i læringsnettvek om omstilling/endring i regi av KS. - Arbeid med nytt journalsystem var i gang, men VismaFlyt vart nedlagt og arbeidet er avslutta. Dette er eit avtalebrot og sett kommunen i ein vanskeleg situasjon. Kommunen skal no i gang med nytt anbod. - Vaksdal ventar kongeleg besøk 27.maio og jobbar med å tilretteleggja på best mogleg vis. Fagforeining/NSF: rekruttera og behalda kompetanse er viktig. Blir kanskje endå viktigare i tida framover. Kvam: Vanskeleg økonomisk situasjon. Jobbar med å følgja opp vedtekne innsparingstiltak. Helse og omsorg skal spara omlag 40 millionar. Dette er krevjande.	

	Eidfjord: Same som dei andre kommunane. Krevjande økonomi. Skal ned mange millionar. Har etablert tettare og meir samarbeid med Ulvik om beredskap Ny fastlege frå mai Fastlege: - Kurs som fekk støtte frå OU i førre møte har fått godkjenning og det er god påmelding. - Samarbeider godt med sjukehuset om tilsetting av LIS1 leger. Kjekt arbeid. Ulvik: - Telemark forskning kjem før sommaren med ein rapport der dei skal peike på innsparringspotensial for Ulvik. - Jobbar med innsparringstiltak knytt til turnus og helgetimar. Godt samarbeid med tillitsvalte - Manglar om avtale om ØHD. Dette jobbar me med.	
34/26	Eventuelt Kort orientering frå SSE om at det er kome inn vel 20 søknader om samhandlingsmidlar. 9 av prosjekta frå i fjord har søkt om vidareføring og nye midlar for 2026. Det er kome inn søknader om i alt ca 32 millionar. Det er ca 15 millionar til utdeling. Søknadskomiteen vil gje si innstilling til SSU. SSU skal handsama sak i møtet 11.juni.	

Neste møte: Måndag 14. september (kalenderinnkalling er sendt i Outlook). Sakliste og tilhøyrande saksgrunnlag kjem ei veke før møtet.